

ÅRSPLAN 25/26

Valvatna FUS barnehage

Barnehagen med vekt på sjølvstendigjering gjennom lek, sosial læring og gode naturopplevingar.



Valvatna

INNHALD

1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon
Verdiar
Hovudmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom
Demokrati
Mangfald og gjensidig respekt
Likestilling og likeverd
Berekraftig utvikling
Livsmeistring og helse

4. Barnehagen sitt føremål og innhald

Sosioemosjonell støtte og veiledning
Organisering og leiing
Læringsstøtte

5. Barn sin medverknad

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid
Samarbeid med andre instansar

7. Overgangar

Tilvenning i barnehagen
Overgangar innad i barnehagen
Overgang frå barnehage til skule

8. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Lærande organisasjon
Planlegging
Vurdering
Dokumentasjon
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte.

9. Fagområda til barnehagen



**BARNET
FØRST!**



1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE



Årsplanen viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37). Årsplanen beskriv korleis me jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.

Visjon:

Saman gjev me barndommen verdi: Venskap, lek og glede, og kvardagsmagi

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva me ønskjer at FUS barnehagane skal oppnå – no og i framtida. Visjonen er det me strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

- Skapa gode relasjonar
- Sjå kvart enkeltbarn
- Sjå dei små kvardagsaugeblikka
- Har fokus på å auka barna sin leikekompetanse og sosiale ferdigheiter
- Tilretteleggjar for lek
- Tilstedeverande vaksne
- Me delar basen i mindre leikegrupper

Verdiar:

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva me står for, kva me trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjere visjonen. Gjennom arbeidet med verdiane har me funne vår identitet ved å vera:

Barnehagen med vekt på sjølvstendigjering gjennom lek, sosial læring og gode naturopplevingar!

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane

- Vaksne som er til stades for barna
- Har fokus på at barn skal verta sjølvstendige
- Fokus på å styrka dei kreative sidene til barna
- Tek godt i mot alle når dei kjem i barnehagen
- Me held oss fagleg oppdatert
- Nærvær av vaksne
- Nyta eigne interesser

HOVUDMÅL

FUS barn har eit positivt sjølvbilete.

FUS barn er trygge og forskande, trivast i lek og har vennekompetanse.

FUS barn gler seg til “resten av livet”, og veit at dei har moglegheit til påverknad og at innspela deira tel.

FUS barn har det gøy i barnehagen.

Våre metodar for å jobbe mot måla:


- Me ser kvart enkelt barn
- Me er støttande til barna
- Gir ros
- Me er bevisst på korleis me er rundt barna
- Me delar basen i mindre leikegrupper
- Me gir tid og rom for lek
- Me er rettleiarar og oppmuntrar ved behov
- Me nyttar tankekart i arbeidet vårt
- Me lyttar til barna og tek barna på alvor
- Me brukar humor og har godt humør



Me er ansatte som trivst i jobben vår

I FUS barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Det inneber at alt me gjer skal vera til barnet sitt beste. «Barnet først» er òg namnet på kompetansesatsinga vår, der målet er eit likeverdig barnehetilbod av høg kvalitet i alle våre barnehagar.

I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Fyrst ei beskriving av kva rammeplanen seier, så ei beskriving av korleis me vil gjennomføre dette i praksis.



2. OM BARNEHAGEN

Valvatna FUS barnehage vart opna i april 2005 og me held til i Valvatnafeltet, like ved Heiane. Me har plass til om lag 60 born og leikearealet er på 298 m². Me er 15 vaksne i grunnbemanninga vår og av desse jobbar 14 tett saman med borna. Me har kjøkkenassistent som lagar alle måltida våre og ein dagleg leiar som styrer drifta. Frå tid til anna har me studentar, skuleelevar eller vaksne på ulike tiltak via NAV hos oss.

Opningstida vår er frå klokka 06.30-16.30.
Julafta og nyttårsafta held me stengt
I romjula er det redusert opningstid 07.30-16.00
Måndag og tysdag før påske er det redusert opningstid 07.30-16.00
Onsdag før skjærtorsdag stenger me klokka 12.00
Me har sommarstengt i veke 29 og 30
I veke 28 og 31 har me redusert opningstid 07.30-16.00

Me delar barna i basar etter alder. Barnet har då faste vaksne som er saman med dei på følgjande basar:

Kenguane 1-2 år
Nasse -Nøffane 2-3 år
Tussiane 3-4 år
Tigrane 4-5 år
Uglene 5-6 år



Dagsrytme for Kengu


06.30 Barnehagen opnar, me leikar på huset
08.00 Frukost
08.30 Prosjektarbeid, aktivitetar, turar, leik ute eller inne.
10.00 Formiddagsmat
10.30 Bleieskift og kviletid
13.00 Lunsj
13.30 Leik og aktivitetar ute eller inne
16.30 Barnehagen stenger

Dagsrytme for Nasse Nøff, Tussi, Tiger og Ugle

06.30 Barnehagen opnar. Fri leik på huset.
09.00 Frukost
09.30 Prosjektarbeid, aktivitetar, turar, leik ute eller inne på basen.
12.00 Lunsj
12.30 Leik og aktivitetar ute
13.30 Dei som er på tur kjem att
14.30 Fukt og vidare leik ute eller inne
16.30 Barnehagen stenger

FUS organisasjonen:


FUS as er eit driftselskap for barnehagar som vert eigde av Trygge Barnehagar AS. FUS er ikkje ei forkorting av eit ord, men betyr kort og godt «fyrst». Det er om lag 180 FUS barnehagar med om lag 13.000 barn, og over 3000 tilsette. Alle desse har felles verdiar og jobbar mot ein felles visjon.



Valvatna FUS barnehage AS

Adresse: Åsaheio 1, 5412 Stord
Telefonnummer: 53 41 01 80
E-post: DL.valvatna@bhg.no

fus.no/valvatna



3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar òg sitt eige liv.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

Alle barn i Valvatna FUS barnehage skal få uttryk-
kja tankane og følelsane sine. Barna skal få koma
med innspel i kvardagen og få nødvendig infor-
masjon. Kvart enkelt barn vert tatt på alvor, og me
vaksne tek oss tid til å både sjå dei og lytta til dei.
Me vaksne er sprudlande, livlege og glade og me
tenkjer at det er noko som smittar over på barna.



Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Våre metodar for å fremje demokrati:

I barnehagen er alle barna del av eit fellesskap. Barna bidreg med ynskjer og behov, og har ein rett til å verta sett og høyrte før slutningar vert tatt til felles beste for alle. Me nyttar blant anna tankekart og barnesamtalar for å sikre dette.

Mangfald og gjensidig respekt

*«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verd i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kul-
turskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»*

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

Toleranse, mangfald og respekt for andre menneskjer og kulturar er svært viktig. Me vil gi barna erfaring med å løysa konflikhtar på ein fredeleg måte. Me samtalar med barna om ulikhetar i utsjånad, følelsar og tankar. Ulikhetar er naturleg, og dei vaksne skal vera gode rollemodellar for barna. Me samtalar med barna og arbeider bevisst med at barna skal seia fine ord til kvarandre, og sjå kva dei andre er gode på. Dette vert kalla ”framsnakking”.

Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

Likestilling:

Alle rom har varierte leikeutval og utstyr som seier noko om kva type leik og aktivitet ein kan ha her. Snikkarboden vert til dømes nytta like mykje av jenter som av gutar. Når eit nytt prosjekt/tema skal velgjast ser ein på kva barna er opptatt av no. Kvart tema får alle barna vera med å planleggja gjennom bruk av tankekart.

Likeverd:

Alle barna i Valvatna FUS barnehage får tilrettelagt aktivitetar og turar ut frå alder og meistring. Dette sørgjer me for i planleggingsprosessen, då me tar utgangspunkt i alder og modning. Her skil me ikkje mellom kjønn, sosial, geografisk eller etnisk tilhørighet.

Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik me kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

I Valvatna FUS barnehage gir me barna erfaring med naturen og korleis me skal oppføra oss ute. Me skal planta, sjå nytt liv veksa til, hausta og ikkje øydeleggja noko i naturen. Me gir barna erfaring med å sortera boss, og kjennskap til kvifor dette er viktig for miljøet. Også her er det viktig at me vaksne er bevisste på oppgåva vår som rollemodellar, og at me legg til rette for tileigning av kunnskap hos barna. Me har fokus på sjølvstendigjering gjennom alle barnehageåra. Såleis håpar me at barna tileignar seg erfaring frå å prøva/feila, samarbeid med andre, gi/ta slik at dei over tid utviklar seg til robuste menneske som er klare til å møte samfunnet og såleis vera del av den berekraftige utviklinga.

Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).

Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

Ernæring og bevegelse er viktig for oss. FUS-barnehagane har gjennom fleire år hatt fokus på rett ernæring i samband med måltida våre, og vektlegg då sunn mat med varierte smaksopplevingar. Det vert servert grønnsaker til alle måltid, tid til å smørja maten sjølv, fruktmåltid, varme måltid med bevisst bruk av fisk, samt vatn eller mjølk til drikke. Alle barna har faste tur dagar, slik at me sikrar bevegelse i variert terreng og med allsidig bruk av kroppen. På turane våre har me alltid med oss mat, ettersom kroppen treng næring når den er i aktivitet. Barnehagens uteområde er ulendt med blant anna trær som innbyr til fysisk aktivitet.

4. BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHOLD



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartronge. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. »

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det inneheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barn si allsidige utvikling: sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leiing, samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og veiledning:

Sosioemosjonell støtte og veiledning handlar om korleis dei tilsette klarar å skape ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle gode relasjonar med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknytning og ha ei oppleving av sjølvråding og sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har en god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

Negativt klima: Det er fråver av at dei tilsette straffar, hånar, kjeftar og ertar barna.

Sensitive voksne-trygge barn: Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på dei enkelte barn sine teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei merkar dersom barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteresserte, og dei tilpassar åtferda si for å respondere på det dei ser.

Barns perspektiv og medverkad: Dei tilsette følgjer barnas initiativ og idéar, viser fleksibilitet og ivaretek barnas perspektiv. Dei let barna utrykke seg og etterspør barnas idéar, gir barna ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.



Emosjonskompetanse hos barn og ansatte:

Emosjonskompetanse handlar om å identifisere og forstå eigne kjensler og handtere dei. Det handlar om å hindre at stress og uro overvelder evna til å tenkje klart, og å ha kontroll over korleis og når ein uttrykker kjensler.

Emosjonsveiledning: I emosjonsveiledning er dei tilsette medvitne barnets kjensler, er til stade, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnets kjensler. Dei går inn i kjensla til barnet, og set namn på kjensla. Viss naudsynt, hjelper og støttar dei barnet i problemløysinga.

Organisering og leiing:

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skaper ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for leik og læringssituasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutiner og strukturar for å


skape føreseielegheit og tryggleik, slik at barna kan engasjere seg i meningsfulle og utviklingsfremjande aktivitetar.

Gruppleiing og veiledning: Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemd til ønska åtferd og gir trygge og føreseielege rammer.

Tilrettelegge for leik, læring og overganger:

Avdelinga har klare rutinar og dei tilsette sikrar flytande overganger. Barna kjenner til regler, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt førebudde.

Variasjon: Det er varierte og interessante materialar i barns høgde. Dei tilsette tek barns perspektiv og legg til rette for barns deltaking i aktivitetar.



Læringsstøtte:

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gir støtte til barnas læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der er skilnaden mellom det å kunn lære fakta og å lære korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av hverandre, lagt vekt på. Barns kognitive og språklege utvikling er avhengig av høva dei får til å nytte eksisterande dugleik, og om dei tilsette støttar utviklinga av stadig meir komplekse dugleikar. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktivt og opplever meining og engasjement. Rein instruksjon høver seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve meining for at læring skal kunne skje.

Omgrepsutvikling, forståing og dybdelæring:

Dei tilsette nytta læringsfremjande diskusjonar og aktiviteter saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigne seg kunnskap, men også om å nytte denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barnas forståing, snarare enn berre å gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt som barna er kjende med. Gjenkjenning fremjer læring. Dei tilsette etterspør barns tenkning og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eigen læring for å få mest mogleg ut av en situasjon/aktivitet. Når barna er i leik og held på med aktivitetar, kan dei tilsette gi hint (verbalt eller fysisk) eller stille spørsmål og kome med innspel for at barna skal halde fram med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål - svar – sekvenser, slik at barnet får ei djupare forståing av det aktuelle temaet.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar saman med barna, og fram- og tilbakevekslinger mellom barnet og den tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til barna. Dei stiller mange opne spørsmål, der det krevast meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og videreutviklar barnas utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barna gjer. Dei har eit variert språk, forklarar ord og knyt ord til hendingar/erfaringer her og no. Dei tilsette har ein klar intensjon om å fremje barns språk i samtalar mellom barna og mellom barn og tilsette.

Eigenleing i leik og læring: Dei tilsette støttar barna i si utvikling av eigenleingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering, igangsetting. Dei tilsette legg til rett for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barnas leik.

OMSORG:

Omsorg pregar alle situasjonar i barnehagen, både formelle og uformelle. Omsorg skjer i møte mellom barn og vaksne, men også barna imellom. Dei vaksne skal yta omsorg gjennom å gje barna trygge omgivnader, men også utfordringar og moglegheiter for vidareutvikling. Dei vaksne skal vera tilstedeverande , sjå behova til kvart enkelt barn samstundes som dei skal sjå barnegruppa som ein heilheit.

Hos oss arbeider me med omsorg gjennom å:

- Sjø og bekrefte barna
- Vera tilstedeverande vaksne gjennom heile dagen
- Skapa tryggleik og gode læringssituasjonar

Progresjonsplan for omsorg

	1-3 år	3-6 år
Omsorg	• Evne til å visa empati, trøysta og hjelpa kvarandre t.d. i leik og påkledning. • La barna erfara at det er lov å visa heile følesesspekteret. Det er lov å vera sint, lei seg, glad og redd. • Visa respekt og ta kvarandre på alvor. • Eit ledig fang eller ei god oppmuntring dersom nokon har behov for det. • Dekka primærbehov som kvile, tørst, svolt m.m. hos kvart enkelt barn.	• Tilstedeverande vaksne som er der for barna, lyttar til behov og ynskjer, er gode samtalepartnarar og tar barna på alvor gjennom heile dagen. • Faste, trygge vaksne rundt barna, sit på golvet saman med barna og gir dei som treng det eit fang. • Gi barna medbestemmelse samtidig som dei får erfara det å utsettja egne ynskjer og behov. • Fokus på det å vera tilstedeverande og skapande saman med barna. • Brukar humor der me kan det.

Vennskap og fellesskap:

- Me legg til rette for leik store delar av dagen, og delar barna inn i leikegrupper
- Me leiker delar av dagen på tvers av basane, og barna er då med barn i ulik alder
- Personalet har kunnskap om sosial kompetanse og korleis me kan fremja denne blant barna
- Me vaksne er gode rollemodeller for barna
- Me vaksne er barna sine støttespelarar i kvardagen

Å høyre til:

- Barna tilhøyrrer ein fast base med fast personell
- Me har rutinar gjennom dagen som er forutsigbare for barna
- Garderoben rommar alle barna, og kvart barn har sin eiga faste plass



Danning:

Å leva er på mange måtar ein kontinuerleg utviklingsprosess gjennom heile livet. Menneska du møter, opplevingane og erfaringane påverkar deg bevisst og ubevisst, og er med på å danna det mennesket du er. For oss som arbeider med barn, vert det svært viktig å vera bevisste på at danning skjer i møte med menneske og omgivnader. Måten me møter barna, kommuniserer og samhandlar på er med å påverkar barna. Vår oppgåve er å utvikla sjølvstendige barn som kan delta aktivt, hevda seg sjølv, men også lytta og samarbeida med andre barn og vaksne. Det må vera tid til å reflektera over eigne handlingar og veremåtar. Fokuset på egenledelse i leik og læring er ein viktig metode for arbeidet med danning.

Hos oss arbeider personalet med danning slik:

- Lar barna få uttrykka eigne meiningar
- Ser, lyttar, undrar, bekreftar og forstår barna
- Legg til rette for samhandling og meningsutveksling i takt med alder og modning

Progresjonsplan for danning:

	1-3 år	3-6 år
Danning	• Snakka med barna om korleis me ter oss, og viser det i praksis gjennom alle kvardagssituasjonar. Døme kan vera bordskikk, venta på tur, utsetja eigne behov, sitja på stolen eller i sofaen. • Erfara at me brukar språket vårt og ord i staden for å grina, bita eller slå. • Ta vare på eigne ynskjer, behov og grenser. • Ta vare på naturen, leiker og utstyr rundt oss, både inne og ute. • Læra å lytta til kvarandre, retta seg etter reglar og normer i samfunnet. • Gradvis sjølvstendiggjering og følelse av meistring. • Veiledning kring samarbeid, vaksne som er støttande stillas, oppmuntrar, rosar, anerkjenn og bekreftar.	• Lytta til andre, bruka språket og læra å lesa ulike sosiale «settingar». Korleis ter eg meg i ulike sosiale situasjonar for å fungera godt, vera delaktig og utvikla vennskap? • Erfara det å utsetta eigne ynskjer og behov som t.d. å ventar på tur ved spel og aktivitetar. • Vaksne som samtaler med barna, er i dialog, tar på alvor og anerkjenner barna. • Mange gode samtaler og filosoferingar om verdispørsmål barn/ barn, vaksen/barn og vaksen/vaksen gjennom dagen. Ta vare på det me har rundt oss av leiker, utstyr, natur m.m. • Tar barna på alvor, lyttar og engasjerer oss saman.



Leik:

Mål for leiken er å utvikla gode leikeferdigheter hos barna.

Dette ser me ved at barna:

- Har lett for å komma i gong med ein aktivitet
- Legg gjennomførbare planar
- Brukar alternative strategiar når det trengs
- Hugsar kvifor det held på med ein aktivitet
- Klarer å regulera sine emosjonelle reaksjonar ovanfor omgivnadane
- Ser si rolle og sin innverknad i sosialt samspel
- Lærer av både feiltrinn og suksess

FUS-barnehagane har eit felles satsingsområde der tema er ”Egenledelse i leik og læring”. Målet vårt er å skapa større forståing og kunnskap om kor viktig leiken er i barna si utvikling. Leiken er barna sin viktigaste læringsarena. For å kunna delta i leik på ein god og utviklande måte, må barna tileigna seg ulike eigenskapar og ferdigheter. For å få dette til må me vaksne delta og støtta barna i leik og samhandling. Me tar utgangspunkt i forskningsarbeidet til Marianne Godtfredsen og Kristian Sørensen. Dei forskar m.a.på hjernen si utvikling og kor viktig sosialt samspel og tileigning av nye opplevsar og erfaringar er for barnet si utvikling. Dei fokuserer mellom anna på egenledelseshjulet som definerer sju ulike ferdigheter barna byrjar å tileigna seg i leik.



Vaksne som veileidar:

Dei vaksne som arbeider i barnehagen har her ei viktig rolle som veileidar. Dei skal gjennom arbeidet sitt:

- Tilretteleggja for, støtta og vidareutvikla lek
- Gi barna tilgong på leikemateriell
- Gi tid og ro til lek
- Observera kva barna er interessert i og tilretteleggje for dette
- Observera og delta i leiken ved behov
- Leika inn barn som ikkje får delta
- Ha oversikt og hjelpa til med å finna løysingar, komma med forslag og idear
- Vera gode rollemodellar for samhandling og vennskap

Kva tankar har me om leiken?

- Leiken er barna si verd
- Alt kan skje, berre fantasien set grenser
- Barna styrer innhaldet sjølv, noko som skapar trygghet og meistring for dei
- Leiken er viktig for språkutviklinga, samt den intellektuelle, fysiske, sosiale og emosjonelle utviklinga
- Motivasjonen til å leika ligg innebygd i barna, men leikekompetansen må utviklast
- Leiken kan nyttast til å kikka inn i barna si verd, og sjå kva som opptar dei, ettersom barna leikar ut opplevingar.

Me har ulike typar lek:

- Aleinelek (ca.0-1 ½ år), barnet utforskar eigen kropp, kroppsslyder og leiker på eiga hand.
- Parallelleik(ca 1 ½ -3 år), barna leiker gjerne med same type leiker, rett ved sida av kvarandre, men leiker ikkje saman.
- Sosial lek /rollelek (ca. 3-6 år), barna leiker ilag i for eksempel dokkekrok eller i butikklek.
- Konstruksjonslek, barna byggjer med hjelp av lego, klossar, sand, plastilina og liknande. Dei brukar finmotorik-ken og systematisk tenking til å konstruera det dei ser føre seg.
- Regelleik, går føre seg i samspel med andre. Reglane er sentrale, men barna har gjerne eit fleksibelt forhold til dei, og er mest opptatt av å ha det moro. Denne leikeforma er ofte vaksenstyrt i barnehagen.

Barna skal ha medverknad på barnehagedagen. Under den frie leiken velgjer dei sjølv rom og aktivitetar. Ved tema og prosjektarbeid deltek barna i planlegginga m.a. med hjelp av tankekart. Me vaksne må leggja tilrette dagen slik at barna får tid til å meistra sjølv. Når barna ser at dei meistrar sjølv, aukar sjølvkjensla.

Det skal også vera rikeleg med tid og rom for lek og kreativ utfolding i Valvatna FUS barnehage.

Progresjonsplan for leiken:

	1-3 år	3-6 år
Leik	• Tilstedeverande vaksne som er delaktige jmf.støttande stilas, verdiane våre og egenledelses-hjulet. • Vaksne som rettleiar i lek, set i gong lek, oppmuntrar og rosar barna. • Tid og rom tilrettelagt for lek med ulike leikekassar, rekvisi-tar og konstruktivt materiale som utviklar leiken. • Læra barna å rydde opp etter seg, laga system for så å kunna finna nye leiker.	• Tilstedeverande vaksne som ser barna, er i forkant og legg til rette for eit godt sosialt samspel jmf. egenledelseshjulet. • Sett av tid og rom til lek i planane, både tilrettelagt lek, regelleik og frileik. • Delar barna i mindre leikegrupper, og finn utstyr som barna treng i leiken, både konkrete rekvisittar, konstruktivt og kreativt materiale. • Vaksne som varierer mellom aktiv deltaking og observasjon. • Fokus på orden, struktur og system ved rydding.

Kommunikasjon og språk:

- Me samtalar med barna gjennom heile dagen, og set ord på det me gjer
- Har bøker tilgjengeleg på basane og les desse på ulike måtar
- Nyttar rim og regler i kvardagen
- Syng kjente og kjære songar
- Fortel eventyr både utifrå bok og med rekvisitter

Progresjon:

- Me planlegg ulike aktivitetar utifrå barnas alder
- Barna er inndelt etter alder på basane, og baseromma er innreia utifrå alder og modning
- Me vaksne er bevisst på kva barna er opptekne av og arbeider utifrå dette
- Barna skal oppleva meistring i det me gjer, og me er oppteken av at dei skal ha noko å strekkja seg etter

Digital praksis i lys av barnet først:

I Valvatna FUS barnehage er bruk av digitale verktøy ein naturleg del av kvardagen til barna. Gjennom desse verktøya hentar me inn nødvendig informasjon eller ny kunnskap som me treng i kvardagen. Alle basar har eiga pc, nettbrett, telefon og samt diverse utstyr for musikk og lydarrangement. Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og evaluering av ulike prosjekt der digitale verktøy er ein naturleg reiskap





5. BARN SIN MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

Me vaksne er gode på å «lesa» barna og deira måte å uttrykke seg på, både verbalt og non-verbalt. Dette er viktig for barnas medverknad i barnehagekvardagen. Medverknad dreier seg om å ha moglegheit til, og få lov til å påverke sin eigen kvardag. Hos oss er barna med på å forme dagen gjennom innspel ved hjelp av ord eller kroppsspråk, som for eks. uttrykk dei gir som me vaksne «les,» som ynskje om ein spesifikk song og då syng me den saman med barna. Me vaksne observerer kva barna er opptatt av og legg til rette for utforskning av det som interesserer barnet, tilfører leiker og utstyr som kan bidra til ei god og spanande oppleving. Me «les» verbal og non-verbal kommunikasjon som handlar om å få dekkja sine primærbehov og me responderer på konkrete ynskje som barna uttrykkjer.

Våre metodar for å sikre barns medverknad:

- Direkte gjennom uttalte ynskjer
- Leiker tilgjengeleg
- Hjelp barna til å nytta språket som verktøy
- Nyttar tankekart
- Velger sjølv aktivitetar både ute og inne
- Velger plassar ved for eksempel måltida



6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Me i barnehagen er opptatt av å ha eit godt samarbeid med heimen, og på den måten sikrar me ein best mogleg barnehagekvardag for barnet. Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Jf. Barnehagelova §1. Det er difor viktig med ein god dialog, kor me kommuniserer gjensidige forventningar både hos barnehagen og føresette.

Våre metodar for å sikra best mogleg samarbeid er:

- Dagleg kontakt i hente -og bringesituasjonane
- Me nyttar MyKid til kommunikasjon både individuelt og felles
- Inviterer til foreldresamtalar to gonger, i oktober og i April
- Foreldremøte ein til to gonger i året der foreldra blant anna kan komma med innspel og tankar kring barna sin kvardag
- Samarbeidsutvalsmøte (SU) eit par gonger i året med blant anna evaluering av arbeidet
- Brukarundersøking ein gong i året (UDIR)
- Oppfølging/rettileiing ved behov

Samarbeid med andre instansar:

- Samarbeidsutvalet som består av foreldre, tilsette og representant for eigen FUS og Trygge barnehager AS
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Helsestasjonen
- Barnevernstenesta
- Skulane i kommunen
- Høgskulen på Vestlandet (HVL)
- Stord kommune som tilsynsmyndighet
- Andre barnehagar



7. OVERGANGAR

Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning:

- velkomst skriv i mai/juni
- arrangerer «verte- kjent- dag» for barna med foreldre i juni
- fastsett tidspunkt for oppstart med fast vaksen som tek imot barn og foreldre
- tilvenning etter avtale med kvar enkelt forelder og barn etter behov



Overgangar innad i barnehagen

«Personalet skal sørgje for at barn og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang innad i barnehagen:

- Samtalar med barna om at dei skal skifta base når sommarferien er over
- Informasjon ut til foreldra om basefordelinga komande barnehageår
- Vaksne har fram mot sommaren eit ekstra fokus på dei barna dei veit dei skal ha til hausten
- Minst ein vaksne følgjer barna over på ny base
- leikar på tvers av basane gjennom heile året då me er basebarnehage

Overgang frå barnehage til skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang til skulen:

For overgong til skulen, følgjer me fastsett årshjul for samarbeid som er felles for alle barnehagar og skular i kommunen. Denne finn du på nettsida til kommunen.



8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er me lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerlig utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg fagleg oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: “ein lærende organisasjon er ein organisasjon som kontinuerlig forbedrer si evne til å skape si eiga framtid.” Me legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og bygger kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

Valvatna FUS barnehage byggjer opp kompetansen til personalet gjennom langsiktig kompetanseplan utifrå satsing frå statleg og kommunalt hald, felles kompetanseheving i FUS, samt eigne behov i barnehagen. “Barnet først” er forutan slagordet til FUS, også ei kompetanseutvikling i FUS barnehagane. Denne kompetanseutviklinga vart starta som del av eit forskningsprosjekt via Universitetet i Oslo gjennom barnehageåret 2019/ 2020.

“Barnet først” byggjer på eit forskningsbasert program, Tuning in to Kids (TIK), som har som mål å styrkja barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse. CLASS (Classroom Assessment Scoring System) har mål i forhold til emosjonell støtte, betring av kvaliteten på utviklings- og læringsmiljøet og å auka kvaliteten på interaksjonar mellom vaksne og barn i barnehagen.

TIK lærer omsorgspersonane ferdigheiter og teknikkar for å gjenkjenna, forstå og handtera sine eigne og barna sine kjensler. “Barnet først” er ei kompetanseutvikling

for alle tilsette i barnehagen, der treninga går føre seg over tid og kan understøttast utviklast, og innarbeidast i det daglege arbeidet med barnehagens barn og i samarbeid med gode kollegaer. Det er også utvikla eit eige støttemateriell for arbeid på basane i barnehagen.

Me oppretthalde kompetansen ved å ha:

- Personalmøte ein gong i månaden
- Basemøte annakvar veke
- Pedagogmøte ein gong i veka
- Planleggingsdagar
- Fyrstehjelpskurs
- Livreddningsprøve
- Medarbeidersamtale
- Me gir kvarandre tilbakemeldingar
- Rettleiing

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling i verksemda.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Våre metodar for planlegging:

- Planleggingsdagar
- Personalmøte
- Pedagogmøte
- Basemøte
- Målsettingar både basevis og felles
- Nyttar fixen modellen i planleggjinga

Vurdering

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut i frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadane til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget..»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38)

Våre metodar for vurdering:

- Eksterne CLASS observatørar observerar årleg
- Me nyttar ulike observasjonsmetodar i forkant av foreldresamtalane
- Halvårlege pedagogiske rapportar
- Me evaluerer i eige skjema
- Kontaktbarometer
- TRAS

Dokumentasjon

«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i

barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Korleis dokumenterer me arbeidet:

Bilettdokumentasjon på veggane
Månadskriv heim til foreldra på MyKid
Informasjon og bilder på MyKid, Instagram og facebook
Foto og videodokumentasjon
Utstillingar i barnehagen

Korleis kvalitetsikrar me arbeidet:

- Årsplan m/satsingsområde for året
- Personalmøte med utarbeiding av periodeplanar og målsetjingar
- Skjema med konkrete mål for tema/aktivitetar
- Evaluering av måla våre etter kvart tema
- Planleggingsdagar
- Kurs (m.a.livreddning og fyrstehjelpskurs) og kompetanseheving i regi av FUS, kommunen eller eigne behov i barnehagen
- CLASS observering av ekstern observatør



Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

- Me nyttar ulike observasjonsmetodar i arbeidet vårt
- Me kartleggjer
- Me drøftar internt i pedagoggruppa
- Me samarbeider med PPT for råd og rettleiing
- Me nyttar BTI i kartleggingsprossessen (Betre tverrfagleg innsats)
- Me har leiklag på tvers av basane
- Legg til rette for enkelt barn, observasjonar, kartlegging, drøfter internt i pedagoggruppa, samarbeid med PPT for råd og rettleiing



- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47).

- Planleggjer aktivitetar utifrå fagområda
- Evaluerer jamnleg
- Skriv pedagogisk rapport to gongar i året
- Jobbar med ulike tema/ prosjekt kor me kjem inn på dei ulike fagområda
- Har fokus på fagområda gjennom heile året
- Dokumenterer

This image shows a single sheet of white paper with horizontal ruling lines. The lines are evenly spaced and run across the width of the page. There are no margins, text, or other markings on the paper.

